

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

Stein Inge Ryssdal (H) stilte spørsmål knytt til tolkinga av RS 34/18 «Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane – Ranavik». Også Jon Askeland (Sp), Synnøve Solbakken (A) Svein Halleraker (H), Geir Angeltveit (V) og fylkesdirektør samferdsel kommenterte referatsaka.

I samband med RS 36/18 «Avkorting av Bybanen til Fyllingsdalen ved Oasen» kommenterte **Marthe Hammer (SV)** at problemstillinga ikkje var politisk behandla i fylkeskommunen før den vart behandla i Bergen kommune.

I samband med RS 41/18 «Delegasjon av myndigheit til å gje løyvefritak for småskala turistverksemd og inn på tunet tenester» spurde **Stein Inge Ryssdal (H)** om den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans ved eventuelle avslag. Dette vart stadfesta.